

# BLYTTIA

NORSK BOTANISK FORENINGS TIDSSKRIFT




1957

NR. 3

---

OSLO



## Litt om strandvegetasjonen på Jæren

ON THE BEACH VEGETATION OF JÆREN, SW. NORWAY

Av

KNUT NEDKVITNE

Under arbeidet vårt med å granska jorda og vegetasjonen på Jæren har *Gunnar Semb* og eg samla noko tilfang frå strandområdet Byberg-Hodne. Me har publisert noko av dette tilfanget før (*Nedkvitne* 1953 og *Semb* og *Nedkvitne* 1957). Tidlegare har *Bryhn* (1877) skrive om vegetasjonen her.

I strandområdet Byberg-Hodne er det store areal som ligg under den marine grensa. Lausmaterialet er her rullestein i strandvollar og strandlinjer og inn imellom desse fin sjøsand og flygesand. Flygesanden ligg anten som eit tunnare eller tjukkare jamt flatt lag, eller han er blesen saman til dyner. Yst mot sjøen er dynene ennå aktive. I sanden er det ofte rikeleg med skjelrestar.

I strandvollane er jorda mest alltid godt drenert. Der det er fin sand, finn ein alle grader av drenering, frå sanddyner der vatnet sig snart ned og grunnvatnet står djupt, til flater og søkk der det står overflatevatn store deler av året.

Me har teke ein del pH-målingar her og det syner seg at reaksjonen i jordsmonnet varierar frå sterkt sur til svakt alkalisk. I dei eldste avsetjingane, dei som ligg høgast og lengst frå sjøen, er det ofte synleg podsolert jordsmonn. Her er reaksjonen i det øvste jordlaget sur, til dels sterkt sur. Humuslaget kan vera opp til 5–7 cm, sjølv på godt drenert jord.

I yngre avsetjingar der det er kortare tid sidan det har vorte tilført sand med kalsiumkarbonat (skjelrestar), eller i jord der grunnvatnet permanent har stått heilt opp i eller nær jordyta så utvaskinga har vorte lita, er reaksjonen omkring nøytral. To målingar syner døme på kor stort innhaldet av kalsiumoksyd er der reaksjonen i jorda er svakt alkalisk. Målingane er tekne i prøver frå grunnvatnet:

Flate 124:	81 mg CaO pr. liter, spesifikk leiingsevne	$3,3 \cdot 10^{-4}$
« 125:	112 « « « «	— « — $4,6 \cdot 10^{-4}$

Flate 124 er frå låg sanddyne og flate 125 frå sandflate med høgt